



Mohn-kvartett velberga nede att frå Nåso: Helge Berge frå Fusa, Jon Egil og Liv Sjøvoll frå Frekhaug og Tor Breivik frå Bergen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frank Mohn er eit sprekt konsern med spreke medarbeidarar. Det kom for ein dag seinast i dag (laurdag), då ein stor flokk med Mohn-ansatte var på seinsommartur i Ulvanåso.

Dei fleste av dei 37 som var med på turen nådde til topps på den eine eller begge toppane og ekspedisjonen gjekk føre seg uten uhell.

Det fortel Helge Berge, som er leiar for bedriftsidrottslaget ved avdelingen i Fusa, medan han og andre ventar på at dei siste sju-åtte Nåso-bestigarane skal koma ned att til kalkstasjonen.

Det er rundt rekna 1.200 ansatte i Mohn-konsernet som har avdelingar både i Fusa, Bergen, Os og Lindås og der ikkje minst sjefen sjølv er kjend for sitt store sportslege engasjement. Men det smittar tydelegvis også over på staben. Det var deltakarar frå alle avdelingane med på Uskedalen-turen.

- Vi plar å ta ein tur som denne kvar sommar og har vore så å seia over heile Sør-Noreg, fortalde Helge. Grunnen til at Nåso vart vald denne gongen var ein anbefaling frå nokon som har vore til topps her før og uttala seg rosande om fjellet.

Veret i dag har riktignok vore svært vekslande, mellom regn, skodde og hagl, men frå tid til annan letna det slik at utsikten vart framifrå. Så det er knapt nokon som angrar på valet av målet.

Kvar Mohn-avdeling for seg arrangerer ein kveldstur i veka men satsar då naturleg nok på lokale toppar. Desse turane går alltid på onsdagar.

Av Ola Matti Mathisen